KOPI: R.K.

21-February-2014

Statens vegvesen

Kviste Maskin AS
Radøyvegen 1895
5936 MANGER

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Roald Gulbrandsøy - 55516342 | 2014/002897-002 | | 19.02.2014 |

# Radøy kommune, gnr. 41, bnr. 1.
# Avslag på søknad om ny avkjørsle.

Viser til søknad av 07.01.14.

Søknaden gjeld etablering av ny avkjørsle frå fylkesveg 409, til lagerplass for stein-/grusmaterialer. Grunngjeving for søknaden er å få vekk tungtransport frå eksisterande avkjørsle, som går gjennom eit bustadområde.

Avkjørsla er planlagt på ein strekning som går gjennom eit utmarksområde, utan eksisterande avkjørsler, og med fartsgrense 80 km/t. Fylkesvegen er smal, og utan gang-/sykkelveg. Fylkesveg 409 er hovudvegen på vestsida av Radøy. Vegvesenet ynskjer å halde talet på avkjørsler lågt, spesielt på strekningar som ligg utanfor tettbygde strok.

Vi godtek argumentet med at tungtrafikk gjennom bustadområdet er uheldig, men vi meiner problemet må løysast med å leggje om tilførselsvegen ut i frå eksisterande avkjørsle.

Vedtak:

Søknad om ny avkjørsle frå fylkesveg 409 er avslått med heimel i § 40 i veglova.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter veglova.
Vedtaket kan klagast inn for høgare vegstyremakt. Skjema med rettleiing er vedlagt.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Roald Gulbrandsøy

1 vedlegg

Kopi: Radøy kommune.

Legger ved dette kartet og for å viste eksisterende veg der born og tungtrafikk nå er på gamle stad.

